

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 53/2013**

2013/EØS/61/03

av 3. mai 2013

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsforordning (EU) nr. 278/2012 av 28. mars 2012 om endring av forordning (EF) nr. 152/2009 med hensyn til bestemmelse av innholdet av dioksiner og polyklorerte bifenyler<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 843/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus niger* (CBS 109.713) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for avlskalkunar, mindre oppfôringsfugleartar meinte for egglegging eller avl og prydfuglar (innehavar av godkjenninga: BASF SE)<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 870/2012 av 24. september 2012 om godkjenning av naringin som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyreartar<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 31o (kommisjonsforordning (EF) nr. 152/2009) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:  
– **32012 R 0278**: Kommisjonsforordning (EU) nr. 278/2012 av 28. mars 2012 (EUT L 91 av 29.3.2012, s. 8).”
2. Etter nr. 69 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1021/2012) skal nye nr. 70 og 71 lyde:  
”70. **32012 R 0843**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 843/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus niger* (CBS 109.713) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for avlskalkunar, mindre oppfôringsfugleartar meinte for egglegging eller avl og prydfuglar (innehavar av godkjenninga: BASF SE) (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 23).
71. **32012 R 0870**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 870/2012 av 24. september 2012 om godkjenning av naringin som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyreartar (EUT L 257 av 25.9.2012, s. 10).”

<sup>(1)</sup> TEU L 91 av 29.3.2012, s. 8.

<sup>(2)</sup> TEU L 252 av 19.9.2012, s. 23.

<sup>(3)</sup> TEU L 257 av 25.9.2012, s. 10.

*Artikkel 2*

Teksta til forordning (EU) nr. 278/2012, (EU) nr. 843/2012 og (EU) nr. 870/2012 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. mai 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 3. mai 2013.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.